

Prosjekt campusutvikling Campus Førde



Rapport frå arbeidsgruppe

Juni 2021

Innhald

1.0 Prosjekt campusutvikling

- 1.1 Grunnlag for prosjekt campusutvikling
- 1.2 Utfordringsbilete for campus Førde
- 1.3 Hovudkonklusjonar frå arbeidsgruppa
- 1.4 Det vidare arbeidet med campusutvikling for campus Førde

2.0 Campusutvikling campus Førde

- 2.1 Faktagrunnlag for campus Førde
- 2.2 Verkstad januar 2021
- 2.3 Mandat for campusutvikling campus Førde
- 2.4 Det rurale perspektivet i NOU 2020:12 og NOU 2020:15

3.0 Samarbeidspartnarar, næringsliv og offentlege etatar

- 3.1 Sunnfjord kommune
- 3.2 Helse Førde
- 3.3 Næringsliv i Sunnfjord kommune
- 3.4 IT-forum (støtte for INF-studiet og Automasjon/robotikk-studiet)
- 3.5 BKK og Sogn og Fjordane energi (støtte for El-kraft-studiet)
- 3.6 Næringsringen (støtte for byggstudiet)
- 3.7 Næringsliv langs kysten
- 3.8 Sparebankstiftinga (Studentjobbar og kulturkort for studentar)
- 3.9 Fylkeskommunen og andre kommunar
- 3.10 Norec
- 3.11 United World College (UWC)

4.0 Prosjektgrupper

- 4.1 FHS prosjektgruppe
- 4.2 FIN prosjektgruppe
- 4.3 Administrativ prosjektgruppe

5.0 Bygg og uteområde ved campus Førde

- 5.1 Bygg ved campus Førde
- 5.2 Grupperom, seminarrom og auditorium
- 5.3 Moglege løysingar på arealutfordringar ved campus Førde

6.0 Samarbeid med Helse Førde

- 6.1 Fag og forskning
- 6.2 Bygg og område

7.0 Campus Verftet

7.1 Campus verftet si rolle mellom intern og ekstern aktivitet

8.0 Arbeidsgruppa - profil og forslag til tiltak

8.1 Arbeidsgruppa si samansetnad og arbeidsform

8.2 Profil for HVL campus Førde

8.3 Arbeidsgruppa sine forslag til tiltak (tabellform)

9.0 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL

9.1 Universitetsprosjektet

9.2 Livslang læring

9.3 Studieportefølje og studietilbod

9.4 Berekraft og miljøsatsingar



1. Prosjekt campusutvikling

1.1 Grunnlag for prosjekt campusutvikling

Utvikling av levande campus var ein viktig del av fusjonsavtalen som skapte Høgskulen på Vestlandet. I tildelingsbrevet sitt for 2020 er Kunnskapsdepartementet tydeleg på at fleircampusinstitusjonar som HVL må utarbeide ein overordna campusstrategi. Ved HVL skal det etablerast campusutviklingsprosjekt ved kvar av dei fem campusane i perioden frå oktober 2020 til hausten 2021. Samla sett skal dette arbeidet føre fram til ein overordna strategi som skal vidareutvikla campusane og heile høgskulen på Vestlandet.

For HVL er campusutvikling viktig i eit langsiktig arbeid med kultur- og institusjonsbygging. Vi skal ha levande campusar med tydelege profiler som er attraktive for studentar og tilsette og som arbeids- og samfunnsliv har eigarskap til. Campusutvikling handlar om den faglege aktiviteten på campus, og skal sjåast i samheng med administrativ organisering og det å etablere fysiske areal for samhandling med samfunns- og næringsliv. Alle desse elementa skal vektleggast i arbeidet. HVL skal byggje berekraftige campusar som veks ut av HVL som heilskap, og som samtidig har sterke lokale røter.

1.2 Utfordringsbilete for campus Førde

Campus Førde som forskings- og studiestad har ei historie som går tilbake til 1979. Då blei det etablert sjukepleiarutdanning i Førde på grunn av etableringa av Sentralsjukehuset.

I dag er situasjonen for campus Førde at ein har ei god utvikling når det gjeld studenttal. Campus Førde har hatt ein auke i studenttalet på i underkant av 10% i perioden 2017-2020. Sjølv om tal studentar er stadig veksande, er campus Førde ein relativt liten campus og har avgrensa tal studentar og studietilbod samanlikna med andre campusar. Per i dag er det på campus Førde på Vie om lag 860 aktive studentar. Hovudplasseringa på Vie ligg fast.

Ifølgje rekrutteringsundersøkingane frå dei to siste åra, rekrutterer campus Førde i dag litt i underkant av 75% av bachelorstudentane frå Vestland fylke. Dette er om lag på snitt for HVL, og vi ser at Førde rekrutterer om lag 25% av studentane frå resten av landet. Sjukepleieutdanninga i Førde har rekruttert godt dei siste åra. Campus Førde har vore andre prioritet på lista til mange søkjarar, nest etter campus Bergen.

Behovet for å rekruttere helsepersonell til helsetenestene både i spesialisthelsetenesta og kommunane i nærregionen er svært stort.



Ingeniørutdanningane i Førde har hatt utfordringar med å rekruttere over tid. Låg søknad til ingeniørutdanninga har også vore ein nasjonal trend, men den har slått ekstra hardt ut på campusar som ligg utanfor dei store byane. Fleire av teknologiutdanningane i Førde har mykje undervisning strøyma frå Bergen. Med felles studieprogram og studieplanar blir nedre grense for tal studentar sett samla for Førde og Bergen. Dette gjer utdanningane mindre sårbare for svingingar i søkjartal og meir robuste.

1.3 Hovudkonklusjonar frå arbeidsgruppa

Den oppnemnte arbeidsgruppa for prosjekt campusutvikling for campus Førde har i sitt arbeid sett på situasjonen for campus Førde i dag og moglegheitene for campus Førde i ei framtid der HVL er eit universitet med ein tydelege profesjons- og arbeidslivsretta profil.

HVL har sterke og innovative fagmiljø innan mange fagområde ved campusane sine. Ved campus Førde er det ingeniørfag og helsefag som er dei etablerte fagmiljøa.

Hovudkonklusjonen i arbeidsgruppa sitt arbeid har fire dimensjonar.

1. Feltet helseteknologi er eit svært breitt felt med mange spesialiseringar som må byggast ut vidare i samarbeid mellom FIN og FHS. Her er det store moglegheiter for å bli eit sterkt forskings- og utdanningsmiljø ved HVL, og samstundes bli ein innovativ tenesteutviklar på e-helse i rurale strøk. Robotikksatsinga er ein del av dette biletet.
2. Det tette og nære samarbeidet med eksterne samarbeidsaktørar, arbeids- og næringsliv, helseføretak, kommunar og fylkeskommune, må halde fram med stor styrke og ressursbruk. Nytt område for utvida satsing vil vere internasjonalisering, der eit samarbeid med det statlege forvaltingsorganet Norec vil vere ein viktig faktor i arbeidet.
3. Studentmiljøet vil bli styrka ved å utvide studieporteføljen ved campus Førde på Vie. Auka studenttal i Førde vil krevje betre og meir hensiktsmessige lokalitetar. Aktivt rekrutteringsarbeid av studentar og tilsette må få ekstra merksemd.
4. For å sikre eit levande og dynamisk framtidig campus Førde må ein vidareutvikle utdanningstilbod ved kvart fakultet og på tvers av dei fire fakulteta. Dette gjeld utdanningstilbod på fleire nivå; etter- og vidareutdaningar, bachelornivået og masternivået.



Punkt 4 ovanfor kan eksemplifiserast med tre forslag til tiltak frå arbeidsgruppa:

- A. Bachelor i vernepleie
- B. Master i anvendt datateknologi og Master i innovasjon og entreprenørskap
- C. Livslang læring innan feltet helseteknologi

Meir om arbeidsgruppa sine forslag til tiltak i kapittel 8.3.

1.4 Det vidare arbeidet med campusutvikling for campus Førde

Arbeidsgruppa sin rapport til strategisk leiargruppe er ikkje sluttstrek for prosjekt campusutvikling ved campus Førde. I forslag til tiltak ligg det element som er foreslått følgt opp allereie i løpet av 2021, med ei ansvarsfordeling som involverer fleire partar. Arbeidsgruppa har valt å ha merksemd på å formulere fire hovudtema som utgjer den samla tiltaksplanen for campusutvikling for campus Førde, sjå kapittel 8.3. Dei fire hovudtema, som kvar for seg inneheldt fleire element, er basert på forslag frå dei tre prosjektgruppene og frå arbeidsgruppa. Det er særskilt viktig å koordinere desse forslaga med andre prosessar som er i HVL sin organisasjon. Arbeidsgruppa for campusutvikling campus Førde ønskjer å ha ei rolle i det vidare arbeidet med utviklinga for campus Førde. Det samla arbeidet med prosjekt campusutvikling vil vere eit arbeid som ein vil sjå oppstart av i 2021 og gjennom heile året 2022. Arbeidsgruppa vil ha eit møte i starten av desember 2021 for å drøfte den ferdige rapporten for forprosjektet «Felles utvikling av campusområdet på Vie», eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde og HVL.

2.0 Campusutvikling campus Førde

2.1 Faktagrunnlag for campus Førde

På campus Førde har rekrutteringssituasjonen for studentar vore særskilt god for FHS i fleire år. Dei siste åra har vi hatt ein positiv tendens i studenttalet. For FIN har det vore meir krevjande. Vi hadde i opptaksåra 2019 og 2020 ikkje opptak på El-kraft, men frå 2021 er også El-kraft i Førde tilbake fordi det no er eit tilbod på tvers av campusane i Bergen og Førde. Kulla på teknologilinjene slit med å kome over 20. Når det gjeld talet på tilsette så er det 89 personar fordelte på FHS (50), FIN (21) og ADM (18). 71 av dei 89 har 100% stilling.

Tabell 1; Registrerte studentar i perioden 2018 – 2020 fordelt etter fakultet

Campus	FHS		FIN		FLKI		FØS	
	Reg. stud.	Reg. stud.	Reg. stud.	Reg. stud.	Reg. stud.	Reg. stud.	Reg. stud.	Reg. stud.
	2018	2020	2018	2020	2018	2020	2018	2020
Bergen	2360	2480	2330	2500	3530	3800	590	780
Førde	635	630	165	160	85		30	40
Haugesund	590	555	445	250		30	675	720
Sogndal	500	575	290	305	1465	1365	775	765
Stord	405	410			1285	875		
HVL	4490	4650	3230	3215	6365	6070	2070	2305

Kilde: DBH 2021



Tabell 2; Registrerte studentar på HVL campusar perioden 2017-2020

	Registrerte studenter 2017	Registrerte studenter 2018	Registrerte studenter 2020	Endring N.	Endring %
Bergen	9015	8810	9560	+545	+ 6,05%
Førde	755	915	830	+75	+ 9,93%
Haugesund	1625	1710	1555	-70	- 4,31 %
Sogndal	3170	3030	3010	-160	- 5,05 %
Stord	1650	1690	1285	-365	- 22,2%
HVL	16 215	16 160	16 240	+25	+ 0,0015 %

Kilde: DBH 2021

Antall tilsette fordelt etter campus, fakultet og på tilsette

Tabell 3; Campus Førde

Førde	Ansatte				Totalt (N)
	100 %	90 % >	50 % >	30 % >	
Fakultet/Adm.					
FLKI					
FHS	40	6	1	3	50
FIN	16	1	1	3	21
FØS					
ADM.	15	1	1	1	18
Enhet	71	8	3	7	89

Kilde: SAP uttrekk 10, januar 2021

Tabell 4; Campus Stord

Stord	Ansatte				
	100 %	85 % >	50 % >	30 % >	Totalt (N)
Fakultet/Adm.	100 %	85 % >	50 % >	30 % >	Totalt (N)
FLKI	96	3	5	7	111
FHS	32	1	3	2	38
FIN					
FØS	1				1
ADM.	41	4	1	1	47
Enhet	170	8	9	10	197

Kilde: SAP uttrekk 10, januar 2021

Tabell 5; Campus Haugesund

Haugesund	Ansatte				
	100 %	90 % >	50 % >	30 % >	Totalt (N)
Fakultet/Adm.	100 %	90 % >	50 % >	30 % >	Totalt (N)
FLKI	1				1
FHS	28	4		3	35
FIN	32	1	6	8	47
FØS	32	1		11	44
ADM.	65	1		3	69
Enhet	158	7	6	25	196

Kilde: SAP uttrekk 10, januar 2021

Tabell 6; Campus Bergen

Bergen	Ansatte				
Fakultet/Adm.	100 %	90 % >	50 % >	30 % >	Totalt (N)
FLKI	312	11	5	21	349
FHS	198	21	16	35	270
FIN	238	5	10	29	282
FØS	38	1	1	15	55
ADM.	179	8	6	1	194
Enhet	965	46	38	101	1150

Kilde: SAP uttrekk 10, januar 2021

Tabell 7; Campus Sogndal

Sogndal	Ansatte				
Fakultet/Adm.	100 %	90 % >	50 % >	30 % >	Totalt (N)
FLKI	111	2	4	9	126
FHS	51	1	2	1	55
FIN	36	2	3	5	46
FØS	42	2	3	5	52
ADM.	79	6	2	3	90
Enhet	319	13	14	23	369

Kilde: SAP uttrekk 10, januar 2021

2.2 Verkstad januar 2021

Det blei halde ein digital utviklingsverkstad for campus Førde 28. og 29. januar 2021. Verkstaden gjekk over to halve dagar, og deltakarlista var breitt samansett. HVL sine leiarar og tilsette ved campus Førde tok del i verkstaden, i tillegg til kommunale og statlege styresmakter og sentrale verksemdar og støttespelarar i nærregionen. Det viktige og nære samspelet med Sunnfjord kommune og Helse Førde kom tydeleg fram i løpet av verkstaden.

Professor Victor Norman innleia verkstaden med å fortelje om korleis høgare utdanning er ein av dei største truslane for distrikta, men også ein av dei store moglegheitene. Norman har leia Demografiutvalet som slår fast at utdanningsinstitusjonar er ein viktig føresetnad for vekst i regionen dei ligg i. Blant andre innleiarar var ordførar Olve Grotle i Sunnfjord kommune, Jan Olav Baarøy i Norec og Edgeir Aksnes i Tibber. Helse Førde var representert med Anne Kristin Kleiven, og Atle Hamar frå Lotteri- og stiftelsestilsynet var òg med på verkstaden. I tillegg til andre eksterne, var HVL sine eigne tilsette og studentar representert i programmet for verkstaden.

I løpet av dei to dagane med digital utviklingsverkstad kom det fram at campus Førde har mykje å hente på å dyrke fram det tverrfaglege samarbeidet mellom helse og teknologi. Det å utnytte potensialet som ligg i å samarbeide i eksisterande fagmiljø blir ei viktig utfordring framover, og dette synspunktet blei støtta av strategisk leiargruppe i oppsummeringa av verkstaden.

Gjennom arbeidet i utviklingsverkstaden fekk ein fram kunnskap om campus Førde sin eigenart og moglegheiter, samstundes som ein fekk møte og diskutere aktuelle problemstillingar med kollegaer og studentar ved høgskulen, og ikkje minst høyre perspektiv frå samfunns- og næringsliv i Førde og i regionen kring Førde. Det er stor interesse frå næringslivet i og omkring byen Førde til å utvikle eit nærare og tettare samarbeid med HVL og campus Førde. Dette vil opne for nye moglegheiter både for HVL, og for dei bransjane og næringane som vil inngå i eit slikt samarbeid.

2.3 Mandat for campusutvikling campus Førde



Det er utarbeidd eit mandat for campusutvikling for campus Førde. Mandatet har blitt lagt fram for strategisk leiargruppe som er styringsgruppe for prosjekt campusutvikling, og mandatet er godkjent av rektor 1. februar 2021. Oppfølging av campusutvikling Førde er etablert som eit eige prosjekt.

Organisasjonsdirektør er prosjekteigar, og har oppnemnd ei arbeidsgruppe for prosjektet med representasjon frå fakulteta og administrative einingar, samt representasjon frå studentar og tillitsvalde. Arbeidsgruppa har ansvar for å:

- Samanfatte prosjektgruppene sine framlegg til tiltak i ein rapport
- Legge fram for SLG tilhøyrande samla tiltaksplan for campusutvikling for campus Førde
- Sikre at det blir sett i verk konkrete tiltak for utvikling av campus Førde
- Initiere og følgje opp tverrgåande og felles tiltak

Arbeidsgruppa har med seg det overordna perspektivet som er at utviklinga av alle dei fem campusane er viktig for å nå ambisjonen om å bli universitet. HVL skal dyrke profilen sin som eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet med god forankring i heile regionen vår, tett på viktige samfunnsfunksjonar og lokalt næringsliv.

Mandatet for campus Førde gir vidare rammene for oppnemning og etablering av prosjektgrupper for fakulteta og for administrative tenesteområde for campusutvikling Førde. Desse prosjektgruppene skal gi bidrag til den overordna arbeidsgruppa sitt arbeid gjennom tidsperioden for prosjektet. Prosjektgruppene er ansvarlege for å foreslå konkrete tiltak, og skal gjennom eigne prosjektarbeid utvikle og foreslå tiltak for realisere ein profil for campus Førde.

2.4 Det rurale perspektivet i NOU 2020:12 og NOU 2020:15

Det blei i siste halvdel av 2020 lagt fram to rapportar frå utval oppnemnte av regjeringa som tok for seg utfordringar i distrikts-Noreg. Begge rapportane tar for seg viktige sider ved det å vere etablert utanfor dei store byane i Noreg. Grensene mellom by og bygd er i endring, og det rurale næringslivet er variert og i stadig mindre grad knytt opp mot primærnæringsane. Med bakgrunn i desse endringane aukar behovet for forskning om kva konsekvensar endringane har for daglegliv og tilpassingar i småbyar og bygder, og for ulike grupper som bur og arbeider her. Begge utvala peiker på høgre utdanning som ei viktig løysing på problemet. Dei som tar eit val om å studere i same region som dei kjem frå, blir ofte verande i denne regionen etter avslutta utdanning. Dei to utvala åtvarar mot kva som vil skje dersom politikarane ikkje tar aktive grep for å hindre sentralisering. Anbefalinga er å innføre insentiv for at universitet og høgskular skal etablere fleire studiestadar.

Distriktsnæringsutvalet (NOU 2020:12) har sett på næringslivet sin verdi for å nå distriktspolitiske mål. Ein viktig del av arbeidet har vore å sjå på kva god lokal og regional næringspolitikk er, og å synleggjere kva som er positivt eller negativt for lønsam næringsverksemd i distrikta.

Demografiutvalet (NOU 2020:15) har sett på konsekvensar av demografiutfordringar i distrikta. Utvalet meiner at det er eit stort behov for nytenking når det gjeld distrikta sin plass i det norske samfunnet. Utfordringa for distrikta i Noreg har tradisjonelt vore eit spørsmål om å bremse straumen av unge menneske frå utkantane til byane.

Utvalet peikar i rapporten på utfordringar knytt til befolkningsnedgang, aldring og spreidd busetting. Dette er ei utfordring som særleg gjer seg gjeldande for regionen Sogn og Fjordane. Det er behov for innovasjon og nye løysingar i offentleg sektor for å handtere den aldrande befolkninga.

Det vert også framheva at utdanningskapasiteten må aukast, og at det vert lagt til rette for desentralisert og fleksibel utdanning. Utvalet peikar vidare på den geografiske lokaliseringa av høgre utdanningsinstitusjonar og korleis dei kan utvikle seg framover som eit viktig verktøy for regional utvikling.

3.0 Samarbeidspartnarar, næringsliv og offentlege etatar

3.1 Sunnfjord kommune



Sunnfjord kommune utgjer dei fire tidlegare kommunane Førde, Gaular, Naustdal og Jølster, og har Førde som kommunesenter. Folketalet er 22 000 innbyggjarar, og har vore relativt stabilt over dei siste åra . Forventa folketal i 2030 er 22 200 (ssb.no) og viser såleis ei svært svak auke. Sunnfjord kommune har i mange år vore eitt bu- og arbeidsområde. Sentralsjukehuset har i over 40 år vore den desidert største arbeidsplassen. I Førde har ein også Lotteri- og stiftelsestilsynet, Norec, ei avdeling for statsforvaltaren og avdelingar for fylkeskommunen.

3.1.2 Skyss - autonom buss

I august kjem det eit pilotprosjekt med sjølvkøyrande buss i Førde. HVL har vore aktive i prosjektarbeidet heile vegen, med to tilsette i prosjektgruppa og ein i styringsgruppa. Traséen bussen skal gå er frå Riksveg 5 (vegen til Florø) og ned til campus Verftet, ei sløyfe på om lag 2 km. Skyss er hovudeigar av prosjektet. For HVL kan bussen nyttast til å profilere campus i nærmiljøet. Skyss ønskjer aktivitet som skapar positiv merksemd kring piloten.

3.2 Helse Førde

Helse Førde administrerer sjukehus og institusjonar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, og er eigd av det statlege Helse Vest. Helse Førde blei oppretta i 2002 i samband med den nasjonale helsereforma. Helseføretaket har ansvar for dei offentlege spesialisthelsetenestene i regionen. Det omfattar fire klinikkar, fordelt på tre sjukehus og psykiatriske institusjonar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Helse Førde sine hovudoppgåver er pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og opplæring av pasientar og pårørande.

3.3 Næringsliv i Sunnfjord kommune

Næringslivet i privat sektor er prega av sørvis og handel. Førde er ein handelsby. Vidare finn ein variert industri i kommunen. Mange bygningsfirma har sete i Førde. Sunnfjord er den sjetteste største landbrukskommunen i Vestland fylke. Industrien i Sunnfjord er i dag relativt avgrensa til nokre få bransjar, men det er store visjonar for å etablere nye utviklingsområde mellom etablert og ny teknologi. Sunnfjord er ein mellomstor kraftkommune med 38 kraftverk av ulik storleik. I dette ligg det eit stort potensiale for å utvikle nye vekstbransjar.

Døme på verksemdar som har kome til dei siste åra er Tibber. Det digitale straumselskapet med hovudkontor i Førde har planar om å vekse kraftig dei neste åra. For å få dette realisert er dei avhengige av tilgang på rett kompetanse. Tibber har kontora sine på Peak Sunnfjord, eit moderne og dynamisk kontorfellesskap for gründerar, oppstartselskap, etablerte teknologibedrifter og verkemiddelapparatet på Sørsida i Førde. I tillegg leiger dei ut «hotdesk-plassar» for korttidsleige i dette bedriftsnettverket.

3.4 IT-forum Vest (støtte for INF-studiet og Automasjon/robotikk-studiet)

IT-forum har støtte for studiet Informasjonsteknologi og studiet automasjon/robotikk ved campus Førde. IT-forum skal gjennom eit breitt samarbeid sikre at det lokale og regionale miljøet er i fremste rekke i å nytte IT i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum initierer, samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.

3.5 BKK og Sogn og Fjordane energi (støtte for El-kraft-studiet)

BKK (tidlegare Sunnfjord energi som no er ein del av det fusjonerte selskapet) og Sogn og Fjordane energi har vore uvurderlege støttespelarar for El-kraft-studiet ved HVL campus Førde. BKK arbeider med fornybar, elektrisk og digital framtid. BKK er eit produksjons- og nettselskap. Selskapet er Norges femte største kraftprodusent. Sogn og Fjordane energi er også ein stor kraftprodusent. Dei arbeider også mykje med å halde ved like og å utvikle eit stort nett.

3.6 Næringslivsringen Vest

Næringslivsringen er ei støtteforeining for byggstudiet ved HVL campus Førde. Medlemmane dekkjer heile bransjen for bygg og anlegg i området. Hovudoppgåva til foreininga er å støtte byggstudiet i samband med rekruttering, kompetanse og utvikling.

3.7 Næringsliv langs kysten



Næringslivet langs kysten av Sogn og Fjordane har hovudmotorane i byane Flørø og Måløy i Kinn kommune. Havbruksnæringa, fiskeforedlingsindustri og generell teknologiutvikling er store næringar. Fjordbase ved Flørø er forsyningsbase for oljeverksemda i Nordsjøen. Havbruk er også ei stor næring særleg i Gulen kommune i Ytre Sogn.

3.8 Sparebankstiftinga (Studentjobbar og kulturkort for studentar)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er eigd av sparebankane i regionen. Stiftinga er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Dei deler også ut gåver til allmennyttige føremål. Sparebankstiftinga er både pådrivar og finansieringskjelde til prosjektet Studentjobbar for studentar på teknologiutdanningane ved HVL campus Førde. Vidare støttar dei arbeidet for å sikre eit rabattert kulturkort til Førdestudentane, i samarbeid med Sunnfjord kommune og HVL.

3.9 Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune omfattar tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane. Her bur om lag 630 000 innbyggjarar. Oppgåvene er vidaregåande opplæring, tannhelse, kultur, samferdsle, næringsutvikling, klima og miljø. Kulturområdet i fylkeskommunen har sitt hovudsete i Førde.

3.10 Norec (tidlegare Fredskorpset)

Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) er eit forvaltingsorgan underlagt UD og har hovudkontoret sitt i Førde. HVL og Norec kan samarbeide om internasjonal studentmobilitet. Norec arbeider med gjensidig utveksling med land utanfor Europa. Dei fokuserer både på næringsliv, institusjonar og personar. Aktuelle samarbeid kan vere om kurs og arrangement, studentoppgåver og traineesatsing. Norec er ein viktig partner for det internasjonale arbeidet til HVL, og på grunn av plasseringa si i Førde er Norec særleg viktig for campus Førde.

3.11 United World College

United World College (UWC) har ein skule i Noreg med internasjonale studentar på Haugland i Fjaler. HVL kan samarbeide med UWC på ulike felt. Vi kan nytte elevar og lærarar frå UWC til føredrag og arrangement på open dag og internasjonal dag. Vi kan tilby dei faglege føredrag innanfor sjukepleie og teknologidag. Vi kan også samarbeide om prosjekt, og vil nemne at vi gjennomgåande har to sjukepleiar i praksis på Hauglandsenteret like ved UWC.

4.0 Prosjektgrupper

4.1.FHS prosjektgruppe

4.1.1 Problemstillingar

FHS er i dag representert med eitt institutt og tilbyr per i dag berre sjukepleie som bachelorutdanning ved campus Førde. I tillegg tilbyr ein vidareutdanning i Anestesi-Operasjon- og Intensivutdanningane (AOI) på heiltid (35 registrerte studentar 2020).

Sjukepleiarutdanninga inneheld 50% praksisstudiar, og studentane er i realiteten berre halvparten av studietida på campus. Grunna praksiskrava, kan AOI-utdanningane ikkje vere ei stor gruppe. Ei utviding av studentmålet innan bachelor i sjukepleie vil ikkje aleine føre til eit meir levande campus. Skil ein sikre eit levande campus vil ein vere avhengig av å utvide utdanningsporteføljen. Mange studentar ved campus Førde kan i dag gå vidare frå bachelor- til masterprogram utan å skifte campus.

I dag framstår FHS campus Førde monofagleg og kan dermed vere sårbar når det gjeld svingingar i studentrekruttering sjølv om rekruttering til bachelor i sjukepleie i dag er god.

Ved campus Førde treng ein fleire utdanningar på heiltid, gjerne med nasjonal og internasjonal rekruttering. Det kan vere ulike tilnæringsmåtar for å oppnå dette.



Ei felles utfordring i FHS er at ein treng å styrke samspelet mellom FoU, utdanning og innovasjon. Per i dag har ein ikkje eit tett nok samspel med omgivnadene til å fange opp problemstillingar i praksisfeltet, og til å kunne utnytte innovasjonspotensialet i utdanning og FoU-arbeid.. Studentar med relevant, FoU-basert kunnskap som har tileigna seg entreprenøriell kompetanse, vil lettare kunne gjere bruk av kunnskapen sin i arbeidslivet. Ein må derfor i større grad inkludere studentar i forskingsaktivitetar, dette vil gi ei større forståing for kva rolle forskning har i eit kunnskapsbasert samfunn. Viktige faktorar som vil påverke om ein lukkast med dette er blant anna kompetansen til dei fagleg tilsette, organisering og tematisering av forskargrupper, og den relevans forskinga har for yrkesutøving. Forskargruppene i FHS er forskjellige organisert. Nokre grupper er organisert både på tvers av campus og institutt, medan andre grupper har ei lokal forankring.

Framover blir det viktig å utvikle forskingsgruppene i eit tettare samarbeid med utdanningane og helse- og velferdstenestene. På denne måten vil ein styrke den kliniske verksemda og utdanningsporteføljen ved campus Førde. For å styrke campus Førde og sikre ei god utvikling av Helseforskning Sogn og Fjordane tilrår prosjektgruppa at ein på sikt, i samarbeid med Helse Førde, utviklar eit forskingssenter på campus Førde med fokus på helseentreprenørskap som inngår som ei del av Helseforskning Sogn og Fjordane.

Forskingssenteret bør ha fokus på heleseentreprenørskap og eit sentralt mål bør vere å bidra til å utvikle tenester og tilbod til rurale strøk. Senteret vil kunne bli ein del av Helseforskning Sogn og Fjordane som overbyggjande paraply for HVL sine samhandlingsaktivitetar innan helseforskning og- innovasjon i regionen.

4.1.2.Forslag tiltak frå prosjektgruppe FHS

Område	Forslag/tiltak
Sikre studieportefølje som bidrar til eit levande og berekraftig campus	<ul style="list-style-type: none"> • Tilby gjennomgåande studieløp • Tilby fleire av utdanningane ved fakultetet som campusovergripande utdanningar • Utvikle nye utdanningstilbod på tvers av fakulteta ved HVL, særskilt på bachelornivå for å sikre levande campus i det daglege • Utvikle nye utdanningstilbod på tvers i helseentreprenørskap /innovasjon
Forskingarbeid ved Campus Førde	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle forskargruppene som er etablert gjennom Helseforskning Sogn og Fjordane og på sikt i samarbeid med Helse Førde utvikle Helseforskning Sogn og Fjordane til eit forskingssenter med merksemd på helseentreprenørskap der det rurale perspektivet blir løfta fram • Utvikle helseentreprenørskap som profil <ul style="list-style-type: none"> ○ innovasjon og entreprenørskapskultur ○ samarbeid FIN og FHS • Sikre at FOUI ved FHS campus Førde har relevans for utdanningane, regionen sitt behov for ny kunnskap og kompetanse, samt framtida sine helse- og sosialtenester <ul style="list-style-type: none"> ○ Tett samarbeid med aktørar i regionen ○ Svare på utfordringar i tenestene og involvere brukarar ○ Fleire tilsette i kombinerte stillingar • Tiltrekke medlemmer utanfor HVL til forskargrupper, inklusive masterstudentar
Samhandling	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle meir målretta samarbeid på strategisk og operativt nivå med samarbeidspartar i regionen og internt ved HVL <ul style="list-style-type: none"> ○ samarbeid mellom utdanning/forskning, praksistilbyder og arbeidsliv
Internasjonalisering	<ul style="list-style-type: none"> • Styrke internasjonalt fokus på campus og tilby internasjonale emne innan både teori og praksis



Kompetanseprofil	<ul style="list-style-type: none">• Styrke kompetanseprofil og rekruttering av vitenskapleg tilsette• Systematisk arbeid for kompetanseheving og utvikling• HVL må ha ein konkurransedyktig lønnspolitikk som bidreg til å nå overordna og strategiske mål• Utarbeide gode modellar for delte stillingar med kommunar og helseføretak• Vere pådrivar for å etablere kombinerte stillingar som skal fremme praksisnær kompetanseprofil og auke tal tilsette med toppkompetanse.
Oppsummert: Tiltak for levande og berekraftig campus over tid	<ul style="list-style-type: none">• Fleire studietilbod og fleire studentar på campus• Ha fleire tilsette i kombinerte stillingar mellom fakultetet og helse- og omsorgstenestene på praksisfeltet• Tiltrekke oss medlemmer utanfor HVL til forskargrupper

4.2. FIN prosjektgruppe

4.2.1 Problemstillingar

Vidare utvikling av studietilbodet ved FIN campus Førde bør skje med fokus på dei eksisterande programma. Berekraftige studieprogram sikrar kontinuitet og legg til rette for å ha eit sterkt fagmiljø ved campus Førde. Det er også eit mål om at fakultetet kan tilby gjennomgåande studieløp (bachelor, master, PhD) for alle studentar ved fakultetet. Programma i Førde er i dag samkøyrde med programma i Bergen og Haugesund. Ein ambisjon framover er at nokre av dei ingeniørfaglege masterprogramma fakultetet tilbyr kan følgjast frå fleire campusar.

Robotikkprofileringa av automatiseringsprogramma i HVL og forskingsprosjektet Teknoløft legg eit godt grunnlag for vidareutvikling ved campus Førde. Dette kan vera gjennom nye emne, årsstudium, fleksible tilbod, livslang læring og samhandling mellom utdanning og arbeidsliv. Bachelorgraden i automatisering kan få større vekt på robotikk gjennom minst eitt nytt emne i robotikk. Sameksistens med FHS, sjukepleieutdanninga og Helse Førde legg til rette for meir tverrfagleg utvikling. Det synest ikkje mest hensiktsmessig å bygge opp ein ny bachelorutdanning, men heller utvikle og nytte kvarandre sin kompetanse i utdanningane, enkeltemne, studentprosjekt, livslang læring og forskning.

Helseteknologi er eit svært breitt felt med mange spesialiseringar, og det er krevjande å peika ut ei satsing på området. Det er naturleg med grunnleggjande tverrfaglegheit både i helse- og teknologiutdanningane generelt, og meir djuptgåande i valemne, studentprosjekt og livslang læring. FIN og FHS bør frå kvar sin ståstad vurdere kva satsing som er klokast, og i fellesskap kva ein kan få til i lag. Gjennomgåande studieløp er viktig for å styrke studentrekruttering og gi grunnlag for eit framtidig universitet. Ny master i anvendt datateknologi og ingeniørvitskap (ICT) er under planlegging i fakultetet, med opptak frå dei ulike ingeniørprogramma i FIN. Planen er at det skal vere tilbod om denne masteren på alle campusane. Her må ein finne ein god modell for den lokale gjennomføringa, m.a. i samspel med arbeidslivet, samt å få kople fagmiljø i Førde på innhaldet i masterprogrammet.

Masterutdanninga bør ha merksemd på robotikk knytt til Førde som studiestad der det er tilgang til kompetanse og utstyr. Studentar frå informasjonsteknologi må kunne takast opp (ikkje berre løp til sivilingeniørstudiet.). Studiestadane må kunne lage ein særskilt profil på bachelor-studia gjennom valemne, infrastruktur/utstyr, og lab/prosjektoppgåver og kan profilere dette. På same tid kan ein gjennom fleksible løysingar få slike tilbod også ved dei andre campusane. Lokalisering med å samle FIN og FHS er viktig både for studentmiljø (sosialt, fellestenester) og fagmiljø. Vi må unngå spreidd lokalisering på same tid som både tilsette og studentar tener på å vere i samspel med, og kan nytte tid hos verksemder og bedriftsklynger.

Dei teknologiske faga ved HVL campus Førde er attraktive kompetansevegar ikkje berre nasjonalt, men også internasjonalt. I Førde har ein tidlegare hatt tilbod om vår- og haust-semesterprogram på 30 studiepoeng med eitt 10 poeng spesialemne frå automatiserings-programmet undervist på engelsk også for dei norske studentane, og 20 poeng spesialprosjekt innan senior design project. Dette har vore fleksible og lite ressurskrevjande program. Prosjektemnet har gitt høve til samarbeid med lokale bedrifter for innreisande studentar, og det er aktuelt å få til slike program felles i HVL på elektroprogramma, gjerne med fokus på robotikk i Førde. Det bør leggest til rette for tilgjengelege arbeidsplassar for internasjonale forskarar som er på utveksling til HVL, og for mellombelse bustader til desse via Saman. Norec si lokalisering i Førde gir tilgang til kompetanse og erfaring/nettverk for internasjonalisering heime og for praksisutveksling. FIN og FHS i fellesskap har frå starten då Norec flytta til Førde nytta seg av deira kompetanse, og Norec er svært positive til meir samarbeid. Det er viktig å styrke dette samarbeidet framover.

4.2.2 Forslag tiltak frå prosjektgruppe FIN



Utfordringsbilete studieportefølje FIN campus Førde	<ul style="list-style-type: none">• Vidare utvikling av studietilbodet bør skje med fokus på dei eksisterande programma.• Robotikkprofileringa av automatiseringsprogramma i HVL og forskingsprosjektet Teknoløft legg eit godt grunnlag for vidareutvikling. Helseteknologi er eit svært breitt og spesialisert felt som må byggast ut vidare i samarbeid mellom FIN og FHS.
Sikre studieportefølje som bidrar til eit levande og berekraftig campus	<ul style="list-style-type: none">• Styrke fagmiljøa, legge til rette for gjennomgåande studieløp frå bachelor til Phd.• Teknologiutdanninga ved HVL campus Førde skal vere levande og berekraftig.
Forskningsarbeid ved Campus Førde	<ul style="list-style-type: none">• Storleik på fagmiljø og FoU-aktivitetar må aukast• Utvikle ein innovasjons- og entreprenørskapskultur i samspel mellom helsefag og teknologi
Internasjonalisering	<ul style="list-style-type: none">• Byggje ut dei teknologiske faga ved campus, etablere arbeidsplassar for internasjonale forskarar som er på utveksling til HVL.• Styrke samarbeidet med Norec framover.
Kompetanseprofil	<ul style="list-style-type: none">• Satse sterkt vidare på å utvikle ein innovasjonsprofil for den faglege aktiviteten i Førde både gjennom tett samarbeid med helsefaga ved HVL i Førde og vidare styrke samhandlinga med næringslivet i regionen.
Tiltak for levande og berekraftig campus over tid	<ul style="list-style-type: none">• Styrke rekrutteringa til utdanningane i Førde.

4.3 Administrativ prosjektgruppe

4.3.1 Problemstillingar

Den administrative prosjektgruppa har hatt merksemd på campus Førde sine utfordringar som ein campus med eit relativt smalt fag- og utdanningstilbod, og som rekrutterer dårlegare enn ønskeleg på nokre av studietilboda. God rekruttering både av fagtilsette, administrativt tilsette og studentar vil vere avgjerande for utviklinga av campus Førde i åra som kjem. Som noko av løysinga på dette, har den administrative arbeidsgruppa trekt fram behovet for å ha lokal ressurs i rekrutteringsteamet.

Som ein av dei minste campusane i HVL har ein ved campus Førde har ein del administrative funksjonar som ikkje har tilsette på campus, og som dermed må løysast utanfor linja. Den administrative prosjektgruppa meiner det bør setjast eit minimum tal administrativt tilsette og at ein sikrar at visse funksjonar blir ivaretekne på kvar campus før ledige administrative stillingar kan lysast ut campusuavhengig.

Prosjektgruppa peiker også på at campus Førde har for lite areal med det aktivitetsnivået som er i dag. Med ambisjonar om utviding av studieporteføljen og fleire studentar og tilsette på campus, må det lagast planar for utviding av areal både på kort og lang sikt.

Prosjektgruppa har definert fire hovudområde med underpunkt og tiltak for kvart av områda. Hovudområda er: Rekruttering av studentar og tilsette, organisering, livet på campus og omdømmebygging. Prosjektgruppa kjem også inn på områda internkommunikasjon, smådriftsfordelar, framtidssretta areal og infrastruktur, og synleggjering av campus Førde.

4.3.2.Forslag tiltak frå prosjektgruppe administrasjon



Område	Forslag / Tiltak
Utfordringsbilete studieportefølje FHS campus Førde	<ul style="list-style-type: none">• Fleire heiltids bachelorstudium• Auka satsing på PhD, master- og vidareutdanningstilbod
Sikre studieportefølje som bidrar til eit levande og berekraftig campus	<ul style="list-style-type: none">• Fleire heiltids bachelorstudium• Auka satsing på PhD-, master- og vidareutdanningstilbod• Fagtilsette på alle ingeniørutdanningane til stades på campus
Betre administrativ organisering	<ul style="list-style-type: none">• Evaluere den administrative organiseringa• Auka ressurs i ADU ved campus Førde• Fast stilling i rekrutteringsteamet i AKS lokalisert til Førde• Rom og ressursar i administrative stillingar til å utføre felles oppgåver på campus• Setje eit minimum tal administrativt tilsette og at ein sikrar at visse funksjonar blir ivaretekne på kvar campus før ledige administrative stillingar kan lysast ut campusuavhengig.• Ressurs til viktige område vi manglar på campus i dag; praksis, karriererettleiing, læringslabb og kurs- og arrangementsstøtte.
Internasjonalisering	<ul style="list-style-type: none">• Utvikle engelskspråklege emne både på FHS og FIN• Tilsett studentassistent og tilstrekkeleg administrativ ressurs på campus for tilrettelegging og mottak av internasjonale studentar
Kompetanseprofil	<ul style="list-style-type: none">• Halde på tilsette som har teke PhD.- eller oppnådd førstekompetanse eksempelvis ved hjelp av forskingsgrupper, forskingsprosjekt og konkurransedyktig lønspolitikk• Samarbeide med omgjevnader om å skaffe jobbar til ev partner/sambuar

Oppsummert: Tiltak for levande og berekraftig campus over tid	<ul style="list-style-type: none"> • Auka fokus på rekruttering av studentar og tilsette • Få ei breiare studieportefølje på campus Førde med mål om å auke studenttalet • Halde fram med open campus heile døgnet, alle dagar i veka. • Gode og fleksible rom- og arealløysingar
---	---

5. Bygg og uteområde ved campus Førde

5.1 Bygg ved campus Førde

Campus Førde på Vie har i dag eit bygg på 4631 kvm netto, samt innleigd areal på Tefrebygget (leigd bygg 700 meter frå campus på Vie) på 530 kvm. HVL campus Førde leiger òg areal på campus Verftet, gjennom det felles AS med Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune. Halve Campus Førde på Vie er frå 1970-talet og med påbygg frå tidleg 2000-talet. Campus Førde på Vie har 59 cellekontor med 64 plassar pluss 5 plassar i felleskontor. Av desse arbeidsplassane blir 2 plassar disponert av Saman, 1 plass av Statsbygg og 2 plassar av studentorganisasjonane. Totalt er det 64 kontorplassar på campus Førde på Vie som HVL disponerer.

Tefrebygget har utfordringar med at det ligg ved ein høgspent trafostasjon, noko som gjer at til dømes gravide ikkje kan ha kontorplass på den nordlege sida av bygget. Tefrebygget har òg problem med vasslekkasjar og skadedyr. Arealane er heller ikkje arealeffektive.

Tefrebygget har 16 enkeltkontor og 8 arbeidsplassar i felleskontor. Av desse disponerer Helse Førde 7 enkeltkontor, men har behov for fleire kontor. Totalt er det 17 arbeidsplassar som HVL disponerer på Tefrebygget. Oversikt over talet på tilsette per kvadratmeter viser at campus Førde har 9,1 kvm/arbeidsplass. Tefrebygget og den eldre kontordelen på Vie har dårleg arealeffektivitet. Enkeltkontora er på i overkant av 10 kvm i snitt. Oversikta viser vidare at ein har 1,01 kontor per tilsett. Dette talet må justerast med at på Tefrebygget deler HVL lokala med Helse Førde, der Helse Førde har om lag halvparten (10) av kontora. I tillegg kjem to tilsette som ikkje viser i oversikta frå FLKI.



Samla sett har Vie og Tefrebygget 75 kontor med totalt 80 plassar, samt to kontorlandskap med 13 plassar, totalt 93 plassar. Av desse blir 2 kontor disponert av studentorganisasjonane, 2 av Saman, 1 av Statsbygg og 7 av Helse Førde. Dette gir HVL 81 arbeidsplassar. Det reelle talet kontor per tilsett er i dag: arbeidsplassar 81 /tilsette 91 = 0,89 arbeidsplass/tilsett. Dette talet viser at campus Førde på Vie har ei underdekning på arbeidsplassar og arbeider aktivt med å bruke dei plassane ein har tilgang til. Det er i tillegg varsla ei auke på tilsette på campus Førde på Vie: 1 tilsett på Læringslab, 1 personvernombod, 1 tilsett på HR, 1 tilsett på Dokumentsenteret og 2 tilsette på FHS. Samla sett vil dette gi eit tal på 0,84 plassar/tilsett. Ein har tilgang på kontorplassar på campus Verftet, men dette handlar om nokre få plassar som ikkje bør reknast med i denne oversikta. HVL campus Førde har i tillegg fleire undervisningsressursar som pendlar til Førde, og som i dag bruker kontor som ikkje er opptatt av andre. Dette er ei god løysing som må vidareførast. Konklusjon er at det er vanskeleg å finne ledige arbeidsplassar.

5.2 Grupperom, seminarrom og auditorium

Oversikt viser at campus Førde har lågast tilgang på grupperom blant campusane til HVL. Dette kjem òg fram som kritikk i studentundersøkingar. Totalt har campus Førde 10 grupperom med plass til 80 personar. Ein har forsøkt å bøte på dette med å lage studentarbeidsplassar i biblioteket og å gi tilgang for studentar i kantine. Uavhengig av dette er det ein stor etterspurnad som ikkje kan møtast, og som gir utfordringar for fleire fag når undervisning skal planleggast.

Campus Førde på Vie har 5 auditorium med varierende kapasitet. Dei har følgjande kapasitet: 54, 72, 80, 84 og 104 plassar. Bachelor-studiegruppene på FHS ligg normalt på over 90 personar, noko som inneber at ein kun har eit auditorium som kan nyttast. Det er i dag sju reine seminarrom (flat golv) som tar mellom 24-40 studentar, samt festsalen som har ein kapasitet på 55 studentar med bord, eller 155 personar utan bord. Vidare har ein tre laboratorium + simarena. Dei to elektrolabbane tar totalt 24 personar og er i svært aktiv bruk. Det er mindre aktivitet i rom Newton (fysikk- og kjemilaboratorium).

5.3 Moglege løysingar på arealutfordringar ved campus Førde

Uteområda er i dag tilstrekkelege. Studentane har fått tildelt eit areal i kjellaren med tilstøytande uteområde som blir brukt som studentkro. Ein har ei sandvolleyballbane som blir brukt relativt aktivt. HVL har omlag 130 parkeringsplassar, men ei lokalisering i direkte nærleik til sjukehuset gjer at ein har store utfordringar med at tilsette og besøkande til sjukehuset tar opp majoriteten av parkeringsplassane. Det er innleia eit arbeid for å sjå på moglegheiter for bom, parkeringskontroll eller anna som kan hjelpe på situasjonen.

Lettbygget (kondemnert bygg på campus) er dessverre vurdert til ikkje å vere økonomisk haldbart å setje i stand. Tomten og plassen kan brukast til formålet. Det er kun mindre endringar som kan gjerast med bygget slik det framstår i dag, dette vil ikkje gi fleire arbeidsplassar for studentar eller tilsette. Campus Førde på Vie er i dag fullt, både for studentar og for tilsette. Bygga sine utformingar set store avgrensingar på mogleg omdisponering av areal. Areal kan heller ikkje effektiviserast når det gjeld bruk. Ein kan få til nokre fleire grupperom i gamle dusjområde, men da forsvinn lagerplass som ikkje enkelt kan erstattast. Statsbygg har laga ei skisse på å byggje på ein etasje på den gamle delen av bygget. Dette ville kunne vere eit alternativ. Tefrebygget har nokre arbeidsplassar, men med dei utfordringar det er med bygget er det ikkje forsvarleg å halde fram leigeforholdet. Ein arbeider med Helse Førde for å få til eit samarbeid om både forskingsareal, konferanse, auditorium, simulerings- og kontorareal. På kort sikt er det håp om å kunne dekke opp for arealet på Tefrebygget, i det minste for forskingsformål.

Andre moglegheiter vil vere kontorplassar i Førde sentrum. Noko som per i dag ikkje er ønskeleg for nokon av gruppene ved HVL. Det er ikkje nokon grupper som skil seg ut for å vere plassert på eigen plass. Det vil vere krevjande for tilsette å ha fleksible arbeidsplassar.

I tillegg er det ikkje sikkert at dette vil vere tilstrekkeleg for å dekke opp manglande kontorplassar. Nye aktivitetar som læringslab, internasjonal lounge og nye studieprogram er varsla, og dette vil føre til ein vanskeleg situasjon. Stillingar som ikkje er campusavhengige gir også store utfordringar. Det er i dag to personar frå FLKI som har kontorplass i Førde, og det er varsla to til i administrasjon. Campus Verftet har tatt av for noko av behova ved FIN, men ligg for langt vekk frå campus Vie til å vere ein naturleg plass for utviding. Dette vil òg føre til eit oppstykkka campus, noko som ikkje er ønskeleg.



Tala viser at campus Førde ikkje har ledig kapasitet. At ein likevel klarer seg kjem truleg av at store delar av dagens studieprogram har tid i praksis. Det gjer at både studentar og tilsette har delar av tida si utanfor campus. Ein vil ha store utfordringar framover å takle både auka tal tilsette og auka tal studentar. Det blir arbeidd aktivt i dag med å få til eit samarbeid med Helse Førde for å få til felles gode løysingar. På kort sikt vil ein kanskje kunne løyse utfordringar med Tefrebygget, men større endringar vil ta lenger tid. Dersom auke i aktivitetar skal gjennomførast, må det raskt setjast i gong eit arbeid med å utvide areal, enten via innleige eller ved utviding av campus Vie.

6.0 Samarbeid med Helse Førde

6.1 Fag og forskning

HVL og Helse Førde har i 2020-2021 revidert den overordna avtalen om institusjonelt samarbeid om forskning, innovasjon og utdanning, og ein har utarbeidd samarbeidsavtalar om utdanning og om forskning og innovasjon. Avtalane omfattar også samarbeid om areal, infrastruktur og personell. Det er også oppretta eit samarbeidsforum for toppleiinga ved HVL og Helse Førde der både FHS og FIN deltek.

Strategiar og nasjonale føringar, og utfordringar og moglegheiter som Helse Førde (HFD) og Høgskulen på Vestlandet (HVL) står overfor no, peikar i retning av at dei to institusjonane bør samarbeide nært om vidare utvikling av campusområdet på Vie. Til grunn for denne vurderinga er ei felles forståing av samfunnsmandata til HVL og HFD, og for økosystema for innovasjon og regional utvikling. Partane vil arbeide saman for å legge til rette for forskings- og innovasjonssamarbeid, særleg innan område som er strategisk viktige for begge partar. Partane ønsker vidare å legge til rette for nærare samarbeid gjennom etablerte møteplassar, klynger og nettverk der begge partar er representert. Det er i dag etablert samarbeidsorgan mellom HVL og HFD på fleire nivå.

Helseforskning Sogn og Fjordane baserer seg på samarbeid mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet. Målet med samarbeidet er å styrka forskning og innovasjon innan helsetenesta i Sogn og Fjordane gjennom å etablere eit felles forskingssenter, som skal bidra til å styrka den faglege forskings- og utviklingsaktiviteten (FoU) ved samarbeidsinstitusjonane. Tre forskingsgrupper er organisert under Helseforskning Sogn og Fjordane: 1) Psykisk helse og rus, 2) Folkehelse, livsstil og overvekt, og 3) Kvalitet og innovasjon i helse- og omsorgstenesta.

Helseforskning Sogn og Fjordane skal byggje bru imellom aktuelle forskingsmiljø hos samarbeidspartnarane, og lette tilgangen til samarbeidsinstitusjonane sin kompetanse og nettverk. Helseforskning har ei pådrivarrolle, gir informasjon og rettleier om finansieringsmoglegheiter og vidareutviklar nettverk mot forskingsfinansierande organ og andre forskingsnettverk.

6.2 Bygg og område

Helse Førde og HVL har eit eige forprosjekt som ser på felles utvikling av campusområdet på Vie. Dette forprosjektet skal levere rapport i desember 2021. Dette forprosjektet er tett knytt til prosjekt campusutvikling HVL og Nye Førde sjukehus. Behov og planar i desse prosjekta må integrerast i kvarandre. Sjølv om prosjekt campusutvikling leverer rapport til strategisk leiargruppe i juni 2021, så vil det vere føremålstenleg å ta eit møte i arbeidsgruppa i desember 2021. Då føreligg rapporten frå forprosjektet for felles utvikling av campus Vie. Dette forprosjektet er så sentralt at arbeidsgruppa i campusutviklingsprosjektet må drøfte konklusjonane derifrå. Førebels ser vi ikkje vesentlege motseiingar mellom prosjekta.

Leiarar frå FHS og FIN er med i forprosjektet. Det er viktig for å forankre arbeidet i begge fakulteta. Det er viktig å påverke framtidig bygningsmasse slik at vi får plass til høvelege kontor og undervisningslokale, samt simuleringsarena og læringslabbar. Det er viktig å utgreie kva areal dei to organisasjonane kan samarbeide om. Utviklinga på Vie må også sjåast i nær samhandling med rom og labbar på campus Verftet. I juni 2021 står ein midt i avklaringar om ein får forlate Tefrebygget frå nyttår og om det er plass i Angabygget til Helse Førde. Angabygget er disponibelt etter at psykiatrisk avdeling på sjukehuset nett har flytta inn i nybygg.

Samarbeidsprosjektet mellom Helse Førde og HVL vil også avklare om ein går for leigesituasjon eller nybygg på Vie, og i so fall kven som skal bygge og kven som skal leige.

UiB er også kopla på dette arbeidet med tanke på å legge til rette for etablering av “Vestlandslegen”, ein desentralisert studiemodell innan medisinutdanning ved Universitet i Bergen. Helse Førde og HVL har felles interesser når det gjeld utviklinga av campusområdet. Bygg er eit verkemiddel i den vidare utviklinga av HVL campus Førde.

7.0 Campus Verftet

Samarbeidet mellom HVL og Fagskulen i Sogn og Fjordane har gått føre seg over lengre tid, mellom anna om tema rekruttering og undervisning. I 2019 fekk samarbeidet eit stort løft ved etablering av campus Verftet, som er eigd av Vestland Fylkeskommune (45%), Høgskulen på Vestlandet (45%) og Sunnfjord kommune (10%).

Aksjonæravtalen har følgjande hovudmålsetjingar:

- Auka rekruttering av studentar til høgare utdanning innan teknologiske fag
- Auka rekruttering av studentar til etter- og vidareutdanning.
- Støtte innovasjon, forskning og utvikling, og verdiskaping der bedriftene er lokalisert
- Styrke samanhengen i utdanningsløpet mellom vgs, fagskule og høgskule
- Tilbodet skal vere til nytte for heile fylket

Dei vidaregåande skulane har i stor grad behov for same type utstyr som det er kostnadseffektivt å dele. FIN treng moderne laboratorium til sine studieprogram og til forskingsaktivitet. Campus Verftet fyller ein viktig del av dette. Derfor er tiltaket òg kopla mot studentrekruttering, nógde studentar er den beste rekrutteringsmekanismen. Potensialet for FoUI- og utdanningssamarbeid med næringslivet aukar gjennom satsinga med Campus Verftet. Det er etablert intensjonsavtaler med næringsklynger og større verksemder i heile Sogn og Fjordane. Infrastruktur (lokale, sambruk , utstyr, robotikk, elkraft, bygg, «makerspace») legg til rette for samhandling og nettverksbygging med næringsliv, fagskuletilsette og -studentar.

HVL kan bidra til å utvikle campus Verftet gjennom eigarskap og samarbeidsprosessar. Dette kan m.a. skje ved å få på plass avtalar og modellar for sambruk av infrastruktur, fagressursar, oppdrag for næringsliv, samt fagkompetanse og ansvar for fagleg innhald i samarbeid med næringslivet.

8.0 Arbeidsgruppa - profil og forslag til tiltak

8.1 Arbeidsgruppa si samansetnad og arbeidsform

Arbeidsgruppa har vore samansett av følgande personar: Jens Kristian Fosse (Dekan FIN), Bjørg Kristin Selvik (Prorektor for utdanning og nærregion Sogn og Fjordane), Georg Førland (FHS), Gunn Haraldseid (FLKI), Grete Neteland (Dekan FØS), Eli Nummedal (FIN), Bente Kjørstad Walaker (administrasjonen), Karl-Eric Melander (ADU), Toril Olesrud Fjørtoft (HTV Sjukepleiarforbundet), Monica Solheimsnes (Saman), Marie Moilanen Kettunen (Studenttinget), Anton Aleksander H Kalstadstuen (studenttillitsvald campus Førde), Hans Jakob Reite (FIN, prosjektstøtte) og Paul J. Manger (prosjektleiari prosjekt campusutvikling).

Arbeidsgruppa har hatt seks digitale møte i perioden februar - juni og har innhenta bidrag frå avdelingar i HVL og bidrag eksternt, for å auke kunnskapsgrunnlaget og sette søkelys på å finne fram til tiltak for å utvikle campus Førde.



8.2 Profil for HVL campus Førde

HVL campus Førde skal framstå som ein pådrivar for innovasjon og utvikling med eit særleg fokus på helse og teknologi. Campus Førde har som kjenneteikn at fagmiljøa innan helsefag og teknologi samarbeider tett. Vidare vil eit nært student- og læringsmiljø vere eit særmerke. Hovudkonklusjonen i arbeidsgruppa sitt arbeid er det tette og nære samarbeidet med HVL sine samarbeidsaktørar som er sentralt for å byggje ein god og robust profil for campus Førde.

8.3 Arbeidsgruppa sine forslag til tiltak

Forslaga frå prosjektgruppene kan sorterast rundt fire hovudtema:

- 1. Fagmiljø- og utdanningstilbod som** legg til rette for forskning og utdanning som gir relevans for tilsette, studentar og arbeids-, samfunns-, og næringsliv.
- 2. Eit attraktivt og godt campus som** er til det beste for tilsette og studentar, med eit godt studie- og læringsmiljø, og eit samlande arbeidsmiljø på tvers av faglege og administrative liner, som også inviterer inn ulike samarbeidsaktørar til samhandling på mange område.
- 3. Samhandling mellom administrative støttetenester**, som sikrar betre koordinering av tenester på campus på tvers av administrative einingar.
- 4. Forslag til tiltak som sikrar ei utvikling i samhandling med samfunns- og næringsliv.**

Arbeidsgruppa sine forslag til samla tiltaksplan for campusutvikling for campus Førde tar utgangspunkt i forslag frå prosjektgruppene og dei innspela som har kome frå medlemmer av den overordna arbeidsgruppa. Forslaget som blir lagt fram for strategisk leiargruppe treng vidare arbeid i organisasjonen for å bli realisert. Forslag til oppfølgingsansvar på dei ulike områda er viktig for å sikre at dei konkrete forslaga til tiltak i rapporten vert følgt opp i dei formelle ansvarslinjene i organisasjonen. Eit gitt oppfølgingsansvar skal skje i samarbeid med aktuelle einingar i organisasjonen.



Diskusjonar om utvikling av studieporteføljen har blitt tatt opp av dei fakultetsvise prosjektgruppene, og av den administrative prosjektgruppa. Arbeidsgruppa er klar på at forslaga frå prosjektgruppene på dette området blir del av fakulteta sine arbeid med utvikling av studieporteføljen. Arbeidsgruppa har tatt forslaga frå prosjektgruppene på dette området inn i rapporten sin på eit overordna og generelt nivå. Avgjersler og konklusjonar på området blir lagt til HVL si leing, fakulteta og samarbeid på tvers av fakulteta. Arbeidsgruppa viser her òg til den periodiske evaluering av den samla studieporteføljen, og som er knytt opp mot, og i tråd med, sentrale ambisjonar og strategiar for høgskulen, rapport presentert for styret ved HVL i juni.

Arbeidsgruppa vil også vise til at de er fleire pågåande utviklingsarbeid i HVL som må finne løysingar som bidrar til campusutvikling på campus Førde. Dette gjeld m.a. arbeidet med organisatoriske løysingar, vidareutvikle eksternt samarbeid, satsinga på livslang læring og generell campusutvikling for heile HVL. Tilsvarande gjeld for fakulteta sitt pågåande arbeid med å vurdere eigen organisering med tanke på løysingar for meir samarbeid på tvers, styrke eksterne relasjonar og ivareta ansvaret for campusutvikling. I tillegg skal oppfølginga av forslaga møte krav og forventningar frå ei studentgruppe med behov for tilpassa utdanningsløp.

Arbeidsgruppa sine forslag til samla tiltaksplan for campusutvikling for campus Førde med forslag til oppfølgingsansvar:



Område	Forslag/Tiltak	Forslag oppfølgingsansvar
1. Utfordringsbilete rekruttering	a) Oppnemne arbeidsgrupper som ser nærare på korleis ein kan auke rekrutteringa av tilsette og studentar til campus Førde	Dekanar/fakultet og administrative einingar
2. Sikre studieportefølje som bidrar til eit levande og berekraftig campus	a) Tilby gjennomgåande studieløp b) Tilby fleire av utdanningane ved fakulteta som campus-overgripande utdanningar. c) Vidare utvikling av studietilbodet ved FIN campus Førde bør skje med fokus på dei eksisterande programma. d) Vidare utvikling av studietilbodet ved FHS campus Førde bør skje med å sjå på moglegheiter for fleire utdanningsprogram e) Ein må vidareutvikle utdanningstilbod ved kvart fakultet, og på tvers av dei fire fakulteta, på bachelornivå og masternivå, for å sikre eit sterkt campus Førde (sjå pkt 1.3). f) Ein må vurdere ved campus Førde å involvere dei to fakulteta som ikkje er ved campus i dag.	Dekanar/fakultet og prorektorar
3. Forskingsarbeid ved campus Førde	a) Bli ein innovativ tenesteutviklar på e-helse i rurale strøk. b) Vidareutvikle robotikksatsinga som er etablert. c) Sikre at FOUI ved FHS campus Førde har relevans for utdanningane, samt regionen sitt behov for ny kunnskap og kompetanse d) Tiltrekke medlemmer utanfor HVL til forskargrupper, inklusive masterstudentar	Dekanar/fakultet i samarbeid med prorektorar

<p>4. Internasjonalisering</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Utvikle engelskspråklege emne både på FHS og FIN. b) Byggje ut dei teknologiske faga ved campus, legge til rette for arbeidsplassar for internasjonale forskarar som er på utveksling til HVL. c) Styrke samarbeidet med Norec framover. d) Tilsett studentassistent og tilstrekkeleg administrativ ressurs på campus for tilrettelegging og mottak av internasjonale studentar. 	<p>Deknar/fakultet i samarbeid med administrative einingar</p>
<p>5. Samhandling mellom administrative støttetjenester</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Ansvarleggjere administrative einingar som ikkje har folk fast på campus til å forvalte ansvaret sitt. b) Sikre at alle funksjonar blir ivaretekne på campus før ledige administrative stillingar kan lysast ut campusuavhengig. c) Ha rom og ressursar i administrative stillingar til å utføre felles oppgåver på campus. 	<p>Organisasjonsdirektør</p>
<p>6. Omdømeprofil</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Eit nært og kvalitativt godt student- og læringsmiljø skal vere eit særmerke for campus Førde. b) Eit godt og tett samarbeid med HVL sine samarbeidsaktørar som ein føresetnad for å byggje ein god og robust profil for campus Førde. 	<p>Deknar/fakultet i samarbeid med AKS</p>
<p>7. Studentmiljø</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Utvide studieporteføljen ved campus Førde på Vie. b) Auka studenttal i Førde vil kreve betre og meir hensiktsmessige lokalitetar. 	<p>Deknar/fakultet i samarbeid med direktør for økonomi og areal</p>
<p>8. Samhandling med samfunns- og næringsliv</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Det tette og nære samarbeidet med eksterne samarbeidsaktørar, arbeids- og næringsliv, helseføretak, kommunar og fylkeskommune, må halde fram med stor styrke og ressursbruk. 	<p>Prorektor for regional utvikling i samarbeid med fakulteta.</p>

9.0 Koordinering med andre utviklingsprosjekt ved HVL

9.1. Universitetsprosjektet

Campusutviklingsprosjektet følger tett på det arbeidet som blir gjort i universitetsprosjektet, og sidan mange tematikkar er parallelle er koordineringa mellom dei to prosjekta svært sentral i arbeidet med campusutvikling for dei fem campusane ved HVL. Fusjonsavtalen frå 2016 slår fast at HVL skal arbeide for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil. Ambisjonen er skriven inn i HVL sine verksemdsmål og i utviklingsavtala med Kunnskapsdepartementet. Ikkje minst er ambisjonen heilt sentral i HVL sin strategi for åra 2019-2023.

9.2 Livslang læring

Prosjektet Livslang læring har lagt fram ein rapport i 2021 for å vise HVL sine ambisjonar for det å lære heile livet. Prosjektet er eit av fleire prosjekt i HVL som kan bidra til campusutvikling. Samfunns- og arbeidsliv rundt campusane er sentrale samarbeidsaktørar og «HVL ynskjer å vere den føretrekte samarbeidspartnaren og betydeleg aktør for regional utvikling». Sentrale tematikkar i rapporten omhandlar ny forståing av kven studenten er og at det er behov for å skape felles forståing, for fleksibilitet og fart. Koordinering av ressursar på fagsida og i administrasjonen kan vere nøkkelen til å svare godt på samfunns- og arbeidsliv sine behov for livslang læring, og bidra til revisjon av og utvikling av studieporteføljen. Ein relevant problemstilling for utvikling av campus Førde er korleis HVL skal kunne vere relevant for eit arbeids- og samfunnsliv rundt som har bruk for kompetanse ut over det FHS og FIN kan tilby ved campus per i dag.

9.3 Studieportefølje og studietilbod

Signal frå HVL si leing er at diskusjonar om studieporteføljeutvikling må stå sentralt i prosessane knytt til campusutvikling, og særskilt sentralt i prosjektgruppene sitt arbeid. Det blir derfor viktig at dei forslaga som kjem frå prosjektgruppene blir del av fakulteta sitt arbeid med utvikling av studieporteføljen. Arbeidsgruppa har tatt forslaga frå prosjektgruppene på dette området inn i rapporten sin, men avgjersler og konklusjonar blir å leggje til fakultetslinja. Viser her til den periodiske gjennomgang av den samla studieporteføljen som er knytt opp mot og i tråd med sentrale ambisjonar og strategiar. I prosjektgruppene sine rapportar er det viktig å skilje mellom nye tiltak, tiltak som er under planlegging, eller tiltak som allereie er i ferd med å bli implementert som ein del av fakulteta sin prosess for studieporteføljeutvikling.

9.4 Berekraft og miljøsatsingar

HVL har berekraft som ein av tre hovudverdiar i strategien og derfor er det eit strategisk viktig arbeid som blir lagt ned kvar dag for stadig å bli betre på miljø og klima på alle dei fem campusane. Det er ei forventning hos stadig fleire i samfunnet at verksemdene dei nyttar, eller arbeidar for, er berekraftige. Og det er også viktig for studentane ved HVL, for unge som vurderer å søkje studieplass ved HVL, for dei tilsette og for samarbeidspartnarar at HVL leverer på dette området.

Alle dei fem campusane til HVL er Miljøfyrtårn-sertifiserte. Det betyr at HVL har ein plan for korleis ein skal tilfredsstillе meir enn 70 ulike kriterium for grøen omstilling og miljøleing.

Miljøfyrtårns-sertifiseringa er eit verktøy for HVL til å hjelpe med omstilling og miljøleing.

HVL arbeider målretta og hardt for å oppnå gode resultat fram til resertifisering som skjer kvart tredje år.